

# **RISIKOANALYSE**

**VISIT  
SUNNHORDLAND**

REV. JUNI 2024

## Innhold

1. INNLEIING .....	3
2. PLANPROSESSEN .....	3
<b>Reiselivets målsetjing</b> .....	3
<b>Organiseringa</b> .....	3
3. ANALYSEN .....	4
<b>Analyseområde</b> .....	4
Faregrupper.....	4
Farekjelder.....	4
<b>Analysekriterier</b> .....	4
Verdsetjing av sannsynskriterier .....	4
4. VURDERING .....	4
5. ROS Handlingsplan .....	6
6. Bakgrunn for resultata.....	7

## 1. INNLEIING

Denne risikoanalysen er primært fokusert på risiko utanfor det ansvaret som kommersielle reiselivsaktørar har for sine betalende gjester. Alle Sunnhordlandsommunane har også overordna ROS-analysar og beredskapsplanar.

Reiselivet i Sunnhordland er i mindre grad av den type som samlar mange menneske på ein stad over lengre tid. Turismen er i større grad av typen hytteturisme, rorbuturisme, båtturisme, mindre grupper på vandring/sykkel/kajakk, enkelt-eller gruppevis besøk på mindre attraksjonar og i nokon grad større konsertar/arrangement over kort tidsrom (Tysnesfest, Etnemarknaden, Festidalen, Skånevik Bluesfestival, musikalar i Moster Amfi).

Uhell og ulukke på kommersielle tilbod der gjesten kjem til skade skal dekkast av verksemda (ansvarsforsikring) dersom verksemda har handla uaktsamt. I motsett fall må evt. skade dekkast av gjesten sjølv (reiseforsikring).

Fleire representantar for reiselivet har dialog med krieseleiing før arrangement og ved behov (jmfr. 'Festidalen' i Kvinnherad som har beredskapsmøte i forkant med politi, barnevern, helsetenester etc., og tilsvarande ved Tysnesfest der festivalleiing og beredskapsapparat har felles kontor i festivalområdet. Bømlo Teater har høgt fokus på HMS i planlegginga av musikalar og førestillingar i Moster Amfi).

Destinasjonsselskapet ser det som ei oppgåve å motivere andre partar i destinasjonsleiinga (td. kommuneadministrasjonane og medlemsbedrifter) for miljøsertifisering der risikoanalyse og tiltak vert gjennomført. Det same gjeld for arrangement og festivalar. Opplev Åkrafjorden, Bekkjarvik Gjestgiveri, Stord Hotel og Visit Sunnhordland og Moster Amfi er Miljøfyrtårn-sertifiserte. Visit Sunnhordland har hatt, og skal ha, info om ulike miljøsertifiseringar på sine medlems- arrangement. Verksemder med ettersynsansvar er ansvarleg for universelt utforma anlegg (UU) i kommunane.

## 2. PLANPROSESS

### **Reiselivets målsetjing**

Destinasjonsleiinga samarbeider jamleg med reiselivsbedriftene og kommunanes beredskapsapparat.

### **Organiseringa**

Revidering av risikoanalyse og gjennomføring av tiltak inngår som en del av kommunane sine beredskapsrutinar.

## 3. ANALYSEN

### Analyseområde

Risikoanalysen viser potensielle truslar som gjester i Sunnhordland kan bli utsatt for.

### Faregrupper

- Turistar generelt
- Sykkelturisme
- Vandreturisme
- Fjell-, brevandring og fjellklatring
- Fisketurisme
- Festivalturistar
- Båtturisme
- Skituristar
- Dykketurisme

### Farekjelder

- Uhell
- Kriminalitet
- Infrastruktur
- Vær og vatn
- Arrangement
- Utmark
- Pandemiar og smitte
- Havari m. risiko for farleg utslepp (olje, radioaktivitet).
- Utstyrssvikt

### Analysekriterier

Instruksjon: Gjør en risikovurdering på hvor sannsynlig det er at hendelsen skjer og hvor stor konsekvensen er hvis det skjer. Gi score 1-3 på sannsynlighet og konsekvens.

Verdsettning av sannsynskriterier

Begrep	Frekvens
Lite sannsynleg (1)	Mindre enn ein gong kvart 50. år.
Sannsynleg (2)	Mellan èin gong kvart år og kvart 10. år. Periodevis
Svært sannsynleg (3)	Meir enn èin gong kvart år. Kontinuerleg

## 4. VURDERING

Vurderinga er gjort iflg. instruksjonen gitt i Verktøykassen.

Kartlegging og analyse		Risikovurdering		
Hending	Årsak	Sannsynlighet	Konsekvens	Risiko-faktor
Hending	Årsak	3 Skjer ofte 2 Kanskje 1 Skjer sjeldan	3 Fare for død 2 Varig skade 1 Ufarleg skade	
Skredulukke (snø, jord, stein)	Klimaendring, därleg kunnskap, frostsprenginga, manglante vegsikring	2	3	6
Ulukker på usikre vater	Magasintapping, manglante kunnskap el. varsling, vær	1	3	3
Alvorlege ulukker i samband med friluftsliv	Vær, mangel på skilting, därleg kunnskap, vådeskot, fall, därleg utstyr, lite respekt for norske forhold, vant til europeisk tilrettelegging.	2	3	6
Mindre alvorlege ulukker i samband med friluftsliv	Vær, mangel på skilting, mangel på lokalkunnskap	3	1	3
Skogbrann	Klimaendring., bål, manglante info	2	1	2
Ulukker ved festival/konsert (trengsel, vald, drukning)	Høgare deltaking enn forventa, därleg planlegging, vær, vakthald	1	2	2
Båtulukke fiske/fritid	Ukyndig bruk, vær endring, endringar i vassføring, fyll	2	3	6
Skipshavari m. farleg utslepp	Teknisk svikt	1	3	3
Pandemi	Smittevilkår, R-tal	1	3	3
Badeulykker utandørs	Fyll, uforsiktigheit, uhell, barn	2	3	6
Sykkelulykke	Smal veg, uhell, syklar forbudt i tunnel	1	3	3
Kajakkulykke	Uhell, vær, bølger, høg risiko	1	3	3
Flom	Vær, usikker campingplass	1	2	2
Kriminalitet		2	1	2
Dykking	Vær, utstyrssfeil, rutinemangel	2	3	6
Cyberangrep	Hotellsystem, personopplysninger	2	3	6

## 5. ROS Handlingsplan

Risiko-faktor/ Prioritet	Uønsket hendelse	Aktuell løsning	Tiltak	Ansvar	Frist
6	Skredulukke	Informere	Inform varslingstenester: <a href="http://www.varsom.no">www.varsom.no</a> <a href="http://www.ngi.no">www.ngi.no</a>	Statens Vv, Turarrangørar	
6	Alvorleg ulukke friluftsliv	Informere	Skilting + info på besøkssenter i Rosendal	Turarrangørar POLITI//lege	
6	Båtulukke fiske	Informere	IVARETEKE	H.redn./POLITI Utleigar syte for god opplæring	
6	Badeulukke utandørs	Informere	Skilting fleire språk v/badeplasser	Gjestehavner Friluftsråd	
6	Dykking	Informere	Personlig informasjon v/oppmøte	Arrangør/utleigar	
3	Ulukke på usikre vater	Informere	IVARETEKE skilting SKL og SNO, no/eng Nasjonalparken skilt på Møsevatn (no/eng)	Shld Kraftlag Statens naturopsyn Nasjonalparken	
3	Kajakkulukke	Informere	IVARETEKE: Ikke marknadsføring av padling på Møsevatn utan guide pga fare for brekalving.  Padleguide «Padling i Fitjarøyane», og Bømlo rundt i kajakk».  Skilting støtta av Norsk Padleforbund m. info om straum, trafikk, vind samt fargekoda ruter.	Statens naturopsyn SKL F. Nasjonalpark Shld Padleklubb	
3	Mindre alvorleg ulukke friluftsliv	Informere			
3	Skipshavari m farleg utslepp		IVARETEKE Områdevarsling.	POLITI kriseleiing	
3	Pandemi	Informere	IVARETEKE Områdevarsling.	POLITI kriseleiing	
3	Sykkelulukke	Betre info	Skilting	POLITI LEGE SVv	
2	Skogbrann		IVARETEKE	Brannvesen	

2	Festival-ulukke	Samarbeid	IVARETEKE	Festivalleiing POLITI/Beredskap	
2	Flom	Samarbeid	IVARETEKE	NGI/ Politi Krisestab	
2	Kriminalitet		IVARETEKE	POLITI	

### Bakgrunn for resultat

Ved telefonrunde til relevante instansar er følgande status for ulukkestilfelle der turistar er involverte:

Ulukke festival	0 tilfelle siste 50 år
Pandemi	1 tilfelle siste 50 år
Trafikkulukke sykkelturist	0 tilfelle siste 50 år
Kajakkulukke	1 tilfelle siste 50 år
Havari m. kons. for turistar/andre,	0 tilfelle siste 50 år
Dykking	1 tilfelle siste 10 år
Skredulykker m. dødsfall	0 tilfelle siste 50 år
Badeulykke utandørs	3 tilfelle siste 10 år
Båtulykke fiske	6 tilfelle siste 50 år
Gjennom isen regulert vatn	0 tilfelle siste 50 år
Alvorleg ulykke friluftsliv	4 tilfelle siste 40 år (fjellvandring)

Mindre alvorleg ulykke friluftsliv beinbrot etc.

Referansar:

- Informasjon er henta gjennom ROS analysar utført av kommunar og nasjonalpark.
- Drukningsulykker: <https://rs.no/drukning/>
- <https://www.nve.no/naturfare/>
- Lokale festivalar som Tysnesfest v/ Jostein Sydnes

NB! Etter ei ulukke på Melderskin i Kvinnherad 2013, der ein belgisk fotturist gjekk opp stien på skare og glei utfor, vart det diskutert i DNT sentralt om ein skulle innføre stenging av foreininga sine merka turløyper i heile landet på vinterstid. Den belgiske turisten etterlyste dette i etterkant, og meinte det var uforsvarleg at stien var open, jmfr. standard frå Alpene etc. Det vart i DNT konkludert med at allemannsretten og norske forhold gjorde stenging av merka ruter vinterstid i Norge lite gjennomførbart. Dei fleste risikoane i lista over er noe den enkelte må ta ansvar for i sin bruk av norsk natur. Informasjon vart imidlertid understreka som nøkkelfaktor. Sameleis når det gjeld båtulykke under fiske; for Sunnhordlands del gjeld dette norske 'turistar' frå nabokommunar i Sunnhordland eller Vestlandet. Ferdsel på sjø i eigen båt er på eige ansvar, og båtvett er del av kursing til Båtførarprøven og D5L-sertifikatet. (Personar fødd før 1980 er ikkje pålagt å ta prøve for føring av eigen småbåt).

Ei «sak» har vore at syklistar prøver å krysse fjorden gjennom den 8 km lange undersjøiske Bømlafjordtunnelen (E39). Dette er forbode. EuroVelo viser midlertidig sykkeltrasen forbi tunnelen over Bømlo på engelsk/tysk og fransk. Det er grunn til å anta at utanlandske sykkelturistar er kjent med EuroVelo, og at dei som blir stoppa i tunnelen er syklistar som vel å ta sjansen på den kortare tunnelen mot betre vitande.